



Tina Olsvold  
Fyllingsnesvegen 139  
5913 EIKANGERVÅG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 20/3093 - 20/3938

Saksbehandlar:  
Astrid Irene Riise  
astrid.riise@alver.kommune.no

Dato:  
23.01.2020

## Registrert rør som går gjennom septiktank - gbnr 214/76

### Tiltak:

### Utbetring

**Byggjestad:** Gbnr: /214/76

**Tiltakshavar:** Tina Olsvold og Reidar-Andre Våge Stusdal

Lindås kommune (no Alver kommune) mottok den 07.09.2018 melding frå NORVA 24 om at det ved siste tømning den 06.09.2018 vart registrert at innløpsrøret var kopla rett på overløpsrøret og at det gjekk rett i gjennom septiktanken og deretter rett ut i sjø. Dette gjer at det er fare for forureining på eigedommen dykkar, med gnr. 214, bnr. 76, på Fyllingsnes.

Vi har på same tid motteke informasjon om at det stod ein ny tank ved sida av den gamle betongtanken.

Når det er fare for forureining, skal den ansvarlege for forureininga sørge for tiltak for å hindre at forureining skjer. Når forureining har oppstått skal den ansvarlege sørge for å stanse, fjerne eller avgrense forureininga, jf. forurensingslova § 7.

**Ny tank må installerast snarast. Frist for arbeidet vert sett til 29.02.2020, dersom det allereie ikkje er gjort. Alver kommune må få melding om at arbeidet er gjort.**

Dersom vi ikkje får inn skriftleg tilbakemelding om utført arbeid innan fristen, varslar vi samstundes at vi kan pålegga dykk å utbetra forholdet og fastsetje tvangsmulkt med heimel i forurensingslova §§ 7 og 73.

Dersom de meiner at opplysningane våre ikkje er rette, eller at det fins andre grunnar til at de ikkje har plikt til å utbetra tilstanden, ber vi om at de tek kontakt med oss snarast mogleg og seinast innan fristen som er sett for utbetring av tilhøvet.

For å få utbetra ein avløpsleidning/anlegg må de kontakte eit godkjent rørleggjarføretak. For tiltak som gjeld nytt lokk/lås eller liknande kan de sjølve utføre arbeidet.

Når tanken er installert må de fylle ut vedlagte skjema for utført arbeid og returnere det til kommunen.

Skjema sender de til

- [post@alver.kommune.no](mailto:post@alver.kommune.no) eller
- Alver kommune, postboks 4, 5906 Frekhaug.

**Aktuelt regelverk:**

- Plikt til å unngå forureining følgjer av forurensingslova § 7.
- Kommunen kan gje pålegg om tilkopling og fastsetje tvangsmulkt med heimel i forurensingslova kapittel 9.

Spørsmål i saka kan rettast til sakshandsamar på telefon 5637 5000 eller på e-post.

Med helsing

Astrid Irene Riise  
rådgjevar  
Miljø og tilsyn

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Tilbakemelding om utført arbeid - Alver kommune

**Mottakarar:**

Reidar-André Våge Stusdal

Fyllingsnesvegen 5913  
139

EIKANGERVÅG

Tina Olsvold

Fyllingsnesvegen 5913  
139

EIKANGERVÅG